


**Vedlegg D:**

- **Referat oppstartsmøte med kommunen**
- **Søknad om oppstart, datert 30.07.2013**
- **Utsende dokument i samband med forvarsling**

	<b>Hareid Kommune</b>	Plan ID:
<b>Plan:</b>	<b>Reguleringsplan - detaljregulering Røyset II</b>	
<b>OPPSTARTKONFERANSE - REFERAT</b>		Dato: 17.06.2013

Møtestad	Hareid rådhus
Deltakarar:	Frå kommunen: Nils Yngve Nupen, kommunalsjef teknisk.. Signe Rønnestad Kanstad, avd.leiar plan-og utvikl.ingsavd..  Utførande planleggar: AG Plan- og Arkitektur AS v/ Kåre Gjengedal, Eldar Hansen, Miriam Kvalsvik  Tiltakshavar: Håkon Røyset, Ann Lisbeth Røyset, Jostein Hånes

<b>PLANFØRESETNADAR</b>	
Plantype	Reguleringsplan – Detaljregulering, pbl § 12-3
Avgrensing av planområdet?	Behov for noko utviding av plangrense i forhold til gjeldande kommuneplan . Må avklarast med planutvalet (formannskapet). *)
Namn på planen	Røyset II
Gjeldande planar – samsvar*	Kommuneplanen – arealdel 2012-2024 *)
Pågåande planarbeid i området	Ingen
Tilgrensande planområde	Røyset PlanID: 19800003

<b>KRAV TIL KART / PLANFRAMSTILLING:</b>	
Koordinatsystem	Euref sone 32
SOSI-format	SOSI 4-5
<p><b>ANNA:</b> I tillegg til SOSI-fil skal også leverast plankart på PDF-format i M 1:1000. Gunnlagskart skal bestillast over nettbutikken <a href="http://www.infoland.no">www. infoland.no</a></p> <p>Til planen skal følgje ein planomtale (planbeskrivelse) - sjå pbl § 4-2. , samt juridisk bindande reguleringsføresegner .</p> <p>Utfyllt og underteikna ROS-skjema (risiko og sårbarheitsanalyse) skal ligge ved.</p> <p><u>Førehandsvarsling</u> Oppstart av planarbeidet skal førehandsvarslast (pbl § 12-8): Annonse i minst 1 avis lest på staden og gjennom elektroniske media (heimeside) Varsling i eige skriv til off. mynde, berørte grunneigarar/naboar m.v.</p>	

PLANPROGRAM / KONSEKVENSGREIING	
Utløyer tiltaket krav om Planprogram etter PBL §4-1?	Nei
Utløyer tiltaket krav om Konsekvensutgreiing etter PBL§4-2?	Nei

LOKALE FORSKRIFTER	
Parkeringsvedtekt	x
Gebyrregulativ	x
Vedtekter i kommuneplanen sin arealdel	x Gjeldande kommuneplan

KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG / INFRASTRUKTUR:	
Veg	tilkomst til planområdet frå kommunal veg (Røysetvegen)
Vassforsyning	må byggjast ut –samtidig med avlaupsløysing
Avlaup	må byggjast ut i samsvar med Hovudplan Avlaup
Fjernvarmeanlegg	ikkje tilrettelagt/etablert pr dd
El-forsyning	Avklart
Tele	Kabelkart innhentast frå kabeleigar

VIKTIGE VURDERINGAR	
A: Planfaglege vurderingar (utnytingsgrad, krav til stigning m.m.)	Må vurderast i plan
B: Strandsona til sjø og vassdrag	"
C: Jordvern-og landbruksfaglege vurderingar	"
D: Miljøvern-faglege vurderingar	"
E: Kulturlandskap og kulturminne	"
F: Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	"
G: Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	"
H: Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy	"
I: Kommunaltekniske anlegg	"
J: Økonomiske konsekvensar for kommunen	"


Særlege omsyn:

Estetikk, universell utforming, støy, og energi (Jf føresegna til kommuneplanen sin arealdel 2012-2024)

Sluttkommentar:

Med tilvising til at plangrense for byggjefeltet er foreslått utvida i forhold til overordna plan, må tiltakshavar søkje kommunen om oppstartsløyve før planarbeidet formelt kan startast opp.

Hareid kommune, 17.06.2012



Signe Rønnestad Kanstad

Plan- og utviklingsavdelinga Tlf. 700 95045 Mobil: 90790795

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgevande arkitekt og ingeniør • arkitektbedriftene • RIF

30.7.2013

Hareid kommune  
Formannskapet


Rådhusplassen 5  
6060 Hareid

## Spørsmål om oppstart – reguleringsplan for «Bustadfelt Røyset II» i Hareid kommune, jf. PBL § 12-8

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for formannskapet i Hareid kommune spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsplan for bustadfelt Røyset II.

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for bustadareal med tilhøyrande anlegg.

Tiltakshavar: Håkon Røyset i samarbeid med grunneigarar.



AG Plan og Arkitektur AS

Telefon: 70 06 16 00


Sentral Godkjenning: 2002011841  
Org.nr: 884 182 042 MVA

Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

firmapost@agplan.no  
www.agplan.no

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG  
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •

Førebels plangrense:



Vist areal ovanfor er på omlag 135 daa, og omfattar eigedomar vist på kartutsnittet ovanfor.

Plangrensa nedanfor Røysetvegen vil bli tilpassa trasévalget for kanal/vassveg.


Bakgrunn:

Tiltakshavar finn at det er behov for fleire bustadtomter i denne delen av kommunen, og vil difor utvide dagens bustadfelt. Generelt er det få ledige og byggeklare tomter på Røyset. Krinsen manglar tomter og tiltakshavar ønskjer snarleg realisering av det nye bustadfeltet. Tiltakshavar oppfatar området som attraktivt for bustadbygging. Det vert også vist til kommuneplanen.

Oppstartsmøte:

Det blei halde oppstartsmøte på Hareid rådhus 17.6.2013. Kommunen gav uttrykk for at dei er positive til reguleringsarbeidet, men at saka først må behandlast politisk då arealavgrensinga avvik frå kommuneplanen. Spørsmål om oppstart av planarbeidet må leggjast fram for formannskapet for behandling. Vi ber difor med bakgrunn i dette brevet om slik handsaming.

Kommuneplanen:




*Utsnitt av kommuneplanen for Hareid (2012-2024) sin arealdel*

I kommuneplanen sin arealdel er området definert som noverande og framtidig bustadområde, i tillegg til LNF-område. Det er stilt krav om reguleringsplan. Området inngår også i ei sone for ras- og skredfare.

Gjeldande reguleringsplan:

Området grensar til gjeldande plan Røyset I (planidentifikasjon 19800003), godkjent 23.10.1980.



*Reguleringsplanen Røyset I*


Planprogram, konsekvensutgreiing (KU):

Tiltaket er etter vår vurdering ikkje av eit slikt omfang og av slik karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2. Kommunen seier seg samde i denne vurderinga. Som del av forvarslinga vil vi, om kommunen godkjenner oppstart av reguleringsarbeidet, utarbeide eit notat som viser kva registreringar som ligg føre i nasjonale databasar vedkomande natur, miljø og samfunn, jf forskrift om konsekvensutgreiing vedlegg II og § 4.

Tenkt arealbruk:

Området for framtidig busetnad er utvida noko austover mot Melshornsida, i forhold til området avsett i gjeldande kommuneplan. Dette med bakgrunn i å få til betre arrondering av området til bustadføre mål, samt at det må leggest inn areal for avskjerande dremskanal i bakkant av feltet. Kanalen må så først vidare ned mot Snipsøyrvatnet. Traseen for vassvegen/kanalen har vore drøfta med tilstøytande grunneigarar. Slik saka står no må overflatevatnet ovanfor bustadfeltet først i kanal eller i eksisterande bekk på eigedomane 50/3 eller 51/2, jf elles omtale under vedkomande overvatn. Reguleringsplanen vil her bli avgrensa til valt vassveg/kanalløysing.


Bustadarealet er tenkt nytta til bustader med tilhøyrande anlegg (frittliggjande småhus, leikeareal, kommunalteknisk anlegg – dremskanal), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg, med tilhøyrande areal) og ulike omsynssoner. Fleire føremål kan kome til undervegs i reguleringsprosessen.



*Prinsippkisse som viser bustadareal og tenkt kanallrasé*

Tilkomst – vegtilknytning offentleg veg:

Tilknytning til kommunal veg (Røysetvegen) er tenkt som i gjeldande reguleringsplan Røyset I, med unntak av at den private vegen lengst nord i området er tenkt forlengt ned til Røysetvegen som illustrert på neste side.



Kort om registreringar i tilgjengelege databaser gjeldande for planområdet:

**Skredfare:**

Med bakgrunn i potensiell skredfare avmerkt i kommuneplanen sin arealdel, har tiltakshavar hyra inn geolog Einar Anda i Åknes/Tafjord Bereskap IKS for å utarbeide ein skredrapport. Konklusjonen frå skredrapporten er at mesteparten av arealet tilfredsstillir sikkerheitskravet for einestader, men at ein del av arealet lengst sør på gnr. 51 bnr. 14 er utsett for skredfare. AG Plan... vil ta omsyn til denne skredrapporten i framlegg til reguleringsplan.

**Overvatn:**

Overvatn vil bli tatt omsyn til i planlegginga, ved at det vil bli prosjektert inn ein avskjerande dremskanal i bakkant av feltet. Denne er tenkt skal gå ovanfor byggjefeltet og ledast vidare nedover på eigedom gnr. 50 bnr. 3 og gnr. 51 bnr. 2/5/8. Dette for å lede vatnet ned til Snipsøyrvatnet. Endeleg trasé for kanalen er ikkje bestemt enda, jf. plangrense på side 2. Eksisterande vassveggar, hensiktsmessig arrondering av arealet, økonomiske omsyn – er viktige faktorar som må vurderast nærmare i val av endeleg trasé for kanalen.

Sjølve utforminga av kanalen vil bli drøfta med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og andre fagmynde som har interesse i saka.

**Landbruk/vegetasjon:**

Planområdet er noko utvida i høve grensene sett i gjeldande kommuneplan. LNF-arealet i bakkant av eksisterande bustadfelt består av open fastmark, og blir sett på som uproduktivt areal av grunneigarane.

**Høgspenn:**

Gjennom området går det ei høgspennleidning i luftspenn, styrkja på denne er 20 kV. Avstandskravet er 7,5 meter på både sider, frå senter fas til nærmaste bygningsdel. Totalt bandlegg difor høgspennleidninga 15 meter, som vert å ta omsyn til i den vidare planlegginga. Ev flytting av trase, ev legging av kabel i jord vil bli teke opp med kabeleigar.

**Støy:**

Røysetvegen har ein trafikk som ikkje vil medføre støyulemper.

**Kulturminne:**

Vi kjenner ikkje til funnpotensialet for kulturminne. Det vert å avklare under planprosessen.

Plantype - utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som ein detaljplan etter PBL § 12-3.




● Side 6 av 6

Framdrift:

Tiltakshavar ønskjer å setje i verk planarbeidet snarast. Tiltakshavar torer difor be om snarleg tilbakemelding på denne førespurnaden.

For tiltakshavar



Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar, RIF.

Kopi: Håkon Røyset (per e-post)

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • arkitektbedriftene • RIF

Ørsta 6.9.2013

**Grunneigarar, off. mynde, organisasjonar**


**Tiltak:**

## **OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID**

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.6.2008) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med

## **DETALJPLAN FOR «BUSTADFELT RØYSET II» I HAREID KOMMUNE**

Målet med planarbeidet er å utvide dagens bustadfelt, for leggje til rette for meir bustadareal (einebustadar) med tilhøyrande anlegg. Området er lokalisert på Røyset i Hareid kommune.



*Planområde*

**Tiltakshavar:**

Tiltakshavar er Håkon Røyset i samarbeid med grunneigarar. Utførande konsulent er AG Plan og Arkitektur AS.

---

**AG Plan og Arkitektur AS**  
Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA  
Besøksadr. Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA


Telefon: 70 06 16 00  
www.agplan.no  
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841  
Org.nr: 884 182 042 MVA

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG  
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLIING • BYGGJELEIING •

**Planområde/plangrense:**

Planområdet er på om lag 135 daa, og omfattar eigedomar innanfor vist plangrense, jf. kartutsnitt under. Plangrensa er godkjent av Hareid kommune. Innanfor planområdet, vest om Røysetvegen, skal planen innehalde berre kanal ev med driftsveg. Plangrensa blir seinare i planprosessen tilpassa val av traséar for kanal/overvatn både ovanfor bustadfeltet og vest om Røysetvegen til Snipsøyrvatnet.



Planområde /plangrense: — — — — —

**Utsendt varsel:**

Det er nytta grunneigar- og naboliste motteke frå Hareid kommune.


**Bakgrunn for planarbeidet:**

Tiltakshavar finn at det er behov for fleire bustadtomter i denne delen av kommunen, og vil difor utvide dagens bustadfelt. Generelt er det få ledige og byggeklare tomter på Røyset. Krinsen manglar tomter og tiltakshavar ønskjer snarleg realisering av det nye bustadfeltet. Tiltakshavar oppfatar området som attraktivt for bustadbygging. Viser elles til kommuneplanen.

**Gjeldande planar (planstatus):**

Gjeldande kommuneplan:


I kommuneplanen sin arealdel (2012-2024) for Hareid kommune er området definert som noverande og framtidig bustadområde, i tillegg til LNF-område. Det er stilt krav om reguleringsplan. Området inngår også i ei sone for ras- og skredfare.



Utsnitt av kommuneplanen for Hareid (2012-2024) sin arealdel

#### Reguleringsplanar:

Området grensar til gjeldande plan Røyset I (planidentifikasjon 19800003), godkjent 23.10.1980.




Utsnitt av reguleringsplanen Røyset I

#### Reguleringsføremål:

Arealet er tenkt nytta til bustader med tilhøyrande anlegg (frittliggjande småhus -einebustadar, leikeareal, kommunalteknisk anlegg – drenskanal), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg, med tilhøyrande areal) og ulike omsynssoner. Fleire føremål kan kome til undervegs i reguleringsprosessen.


Sjå prinsippkisse på neste side.



*Prinsippkisse som viser tenkt bustadareal/kanaltrasé*

**Tilkomst – vegtilknytning offentlig veg:**

Tilknytning til kommunal veg (Røysetvegen) er tenkt som i gjeldande reguleringsplan Røyset I, med unntak av at den private vegen lengst nord i området er tenkt forlengta ned til Røysetvegen som illustrert under.



### Planprosess, medverkning:

#### Planprosess, vedtak om oppstart:

Det blei halde oppstartsmøte på Hareid rådhus 17.6.2013. Kommunen gav uttrykk for at dei er positive til reguleringsarbeidet, men at saka først må behandlast politisk då arealavgrensinga avvik noko frå arealet avsett i kommuneplanen. Søknad om oppstart blei sendt inn til kommunen i skriv datert 30.7.2013. Formannskapet i Hareid kommune gjorde følgjande vedtak i møte 26.8.2013, jf. saksnr. PS 111/13:

*"1. I medhald av Plan- og bygningslova § 12-8, jf. § 12-3, godkjenner Hareid formannskap oppstart av reguleringsarbeid – detaljregulering for «Bustadfelt Røyset II» i samsvar med søknad datert 30.7.2013 frå AG Plan og Arkitektur AS."*

*"2. Med tilvising til grunngrøving i søknaden, godkjenner formannskapet utviding til plangrense mot aust i høve avsett areal i kommuneplanen til bustadfeltet, samt førebels plangrense for tenkt kanallrasé for overflatevatnet mot Snipsøyrvatnet. "*

#### Opp mot kommunen:

Tiltakshavar vil under planarbeidet drøfte/avklare med kommunen ev. overordna forhold som vert berørt av utbygginga. Tiltakshavar vil drøfte med kommunen ev. vesentlege merknader ved forvarslinga og hovudprinsippa ved reguleringa.

Basert på innspel i tilknytning til forvarslinga vil vi vurdere om det er behov for avklaringar opp mot særskilte grupper som: Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdområdet og Barnerepresentanten.

### Type reguleringsplan:


Reguleringsplanen vil bli fremja som ein detaljplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

### Konsekvensane av planen, ROS, jf Plan- og bygningslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3:

Tiltaket er vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang og av slikt karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2. Kommunen seier seg samde i denne vurderinga. Som del av forvarslinga har vi utarbeidd eit notat som viser kva registreringar som ligg føre i nasjonale databasar vedkomande natur, miljø og samfunn, jf forskrift om konsekvensutgreiing vedlegg II og § 4.

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet. Ut frå dei registreringane som ligg føre i tilgjengelege databasar kan vi førebels ikkje sjå potensiale for vesentlege konsekvensar i høve ROS. Nokon relevante moment:

Skredfare: Tiltakshavar har fått utarbeidd skredrapport hjå Åknes/Tafjord Beredskap IKS (v/ Einar Anda) Bustadfeltet er vurdert slikt at det ikkje er utsett for rasfare anna enn for eit mindre område sør i bustadfeltet. Det vil bli tatt omsyn til rapporten i det vidare planarbeidet ved at bustadarealet vert avgrensa i samsvar med dei fastsette grensene:



**Overvatn:** Overvatn vil bli tatt omsyn til i planlegginga, ved at det vil bli planlagt ein avskjerande dremskanal i bakkant av feltet, og vidare nedover til Snipsøyrvatnet. Endeleg trasé for kanalen er ikkje bestemt enda, jf. plangrense på side 2. Eksisterande vassvegar, hensiktsmessig arrondering av arealet, økonomiske omsyn – er viktige faktorar som må vurderast nærmare i val av endeleg trasé for kanalen.

**Landbruk/vegetasjon:** Planområdet er noko utvida i høve grensene sett i gjeldande kommuneplan. LNF-arealet i bakkant av eksisterande bustadfelt består av open fastmark, og blir sett på som uproduktivt areal av grunneigarane.

**Høgspenteledning:** Gjennom området går det ei høgspenteledning i luftspenn, styrkja på denne er 20 kV. Avstandskravet er 7,5 meter på både sider, frå senter fas til nærmaste bygningsdel. Totalt bandlegg difor høgspenteledninga 15 meter, som vert å ta omsyn til i den vidare planlegginga. Ev flytting av trasé, ev legging av kabel i jord vil bli teke opp med kabeleigar.

#### **Innspel/merknader til varsel om oppstart:**

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

<b>AG Plan og Arkitektur AS</b>		
(e-post):	<a href="mailto:firmapost@agplan.no">firmapost@agplan.no</a>	<b>Frist: 22.10.2013</b>
(postadresse):	Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta	
E-post og ev skriv skal vere merka: Reguleringsarbeid for «Bustadfelt Røyset II» i Hareid kommune		

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til:

Underteikna, eller til Håkon Røyset på tlf. 950 56 717.

#### **Vidare saksgong:**

Siktemålet er å ferdigstille framlegg til plan innan i løpet av 2013. Framlegg til plan vil då bli lagt fram for formannskapet i Hareid kommune med sikte på vedtak om offentlig ettersyn av planframlegget. Innspel/merknadar som er komne inn som følgje av denne oppstartsmeldinga/annonsen, vil bli gjort greie for. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Interesserte får då nytt høve til å kome med innspel/merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Vennleg helsing



for Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar, RIF


Vedlegg:

- Annonse

Som uprenta vedlegg følgjer (sjå heimesidene til AG Plan og Arkitektur AS [www.agplan.no](http://www.agplan.no) og Hareid kommune [www.hareid.kommune.no](http://www.hareid.kommune.no)):

- Førebels ROS-sjekk og registreringar i høve natur/miljø/samfunn

Kopi: Håkon Røyset (sendt per e-post)



Lokalisering av planområdet



# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Ørsta 6.9.2013

## Vikebladet Vestposten

Vi ber om at vedlagde annonse vert teken inn i avisa Dykkar ein gong over 2 spalter TYSDAG 10.9.2013. Annonseteksta er teksta mellom dei stipla linene.


Annonsen skal trykkast i svart/kvitt inkl. kartutsnitt. Kartutsnitt skal tilpassast ca 1 ½ spaltebreidde.

## OPPSTART AV PLANARBEID

I samsvar med § 12-1, 12-8 og 12-14 i Plan- og bygningslova vert det med dette kunngjort at følgjande privat reguleringsarbeid vert sett i gong:

### **DETALJPLAN (PBL § 12-3) FOR «BUSTADFELT RØYSET II» I HAREID KOMMUNE, VARSEL OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID, JF. PBL § 12-8**

Målet med planarbeidet er å utvide dagens bustadfelt, for leggje til rette for meir bustadareal (einebustadar) med tilhøyrande anlegg. Området er lokalisert på Røyset i Hareid kommune, og omfattar eigedomar vist på kartutsnittet nedanfor. Arealet omfattar ca. 135 daa. Innanfor planområdet, vest om Røysetvegen, skal planen innehalde berre kanal ev med driftsveg. Plangrensa blir seinare i planprosessen tilpassa val av traséar for kanal/overvatn både ovanfor bustadfeltet og vest om Røysetvegen til Snipsøyrvatnet.



Tiltaket er vurdert til å vere av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

Tiltakshavar er Håkon Røyset i samarbeid med grunneigarar. Utførande konsulent er AG Plan og Arkitektur AS.

Grunneigarar, off. mynde og organisasjonar vert varsla i eige skriv. Varslingsdokumenta er tilgjengelege på nettsidene [www.agplan.no](http://www.agplan.no) og [www.hareid.kommune.no](http://www.hareid.kommune.no).

Innspel til reguleringsarbeidet skal vere skriftlege og sendast til

• Side 2

## AG Plan og Arkitektur AS

Adresse: [firmapost@agplan.no](mailto:firmapost@agplan.no) eller Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA innan **22.10.2013**. E-post (ev skriv) skal vere merka: REGULERINGSARBEID FOR «BUSTADFELT RØYSET II» I HAREID KOMMUNE.

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA. Tlf 700 61 600

---

Vi minner om at annonsen skal trykkast i svart/kvitt, inkl. kartutsnitt. Der er òg viktig at teksta AG Plan og Arkitektur AS er utheva med tjukk skrift, og brukar heile spaltebreidda.

Vedlagt følgjer også kartutsnittet i jpg format.

Vi ber til slutt om at faktura for annonsen vert sendt direkte til tiltakshavar:

**Håkon Røyset**  
**Røysetvegen 258**  
**6060 Hareid**

Med vennleg helsing

Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar RIF

**Namn på tiltak/plan:** Reguleringsplan for Røyset i Hareid kommune




**Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit etter plan- og bygningslova (FØREBELS)**

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? <i>Åknes/Taffjord Beredskap IKS har utarbeidd skredrapport. Eit mindre område i sør i planområdet er utsatt for skredfare. Vert å ta omsyn til i planarbeidet.</i>		X
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?		
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon? <i>Det må gjennomførast radonmåling. Slik måling må gjerast i perioden november – april. Krav vedkomande radonmåling vil bli innarbeidd i føresegnene til planen om ikkje slikt vert utført under reguleringsarbeidet.</i>		X
i	Anna (spesifiser)?			
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? <i>Området er på noverande tidspunkt ikkje tilknytt offentleg vatn/spillvatn.</i>		X
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer? <i>Det går høgspenleidning gjennom området, vert å ta omsyn til i planlegginga.</i>		X
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området? <i>Området er på noverande tidspunkt ikkje tilknytt offentleg vatn/spillvatn.</i>		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terroremål?	X	

verksemd	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X
----------	---	---	---

Sjekklista er gjennomgått den \_\_/\_\_/2013 av sign: \_\_\_\_\_

Emne/kommentar	Bilde
<p>Naturgitte forhold</p> <p>- Skredfare i området er avklara, viser til eigen rapport utarbeida av Åknes/Tafjord Beredskap IKS.</p> <p>- Radon må takast omsyn til.</p> <p><i>Kommentar:</i></p> <p>- Skredfare vert å ta omsyn til, jf. skredrapport.</p> <p>- Radon vert å ta omsyn til, jf. gjeldande regelverk.</p>	 <p>Skredfare</p>
<p>Brann/ulykkesberedskap Vassforsyning</p> <p>Området er på noverande tidspunkt ikkje tilknytt offentleg vatn/spillvatn.</p> <p><i>Kommentar:</i></p> <p>Utbygging av feltet kan ikkje skje før offentleg tilknytning er etablert.</p>	
<p>Kraftforsyning</p> <p>Det går høgspenteledning (luftspenn) gjennom planområdet.</p> <p>Styrkje: 20 kV Avstandskrav: 7,5 m kvar side</p> <p><i>Kommentar:</i></p> <p>Vil bli tatt omsyn til i planlegginga av feltet.</p>	 <p>Høgspenn</p>


## Førebels sjekkliste natur-, miljø- og samfunnsmessige forhold, ut frå tilgjengelege offentlege databaser (GIS-baser, NGU, NVDB, NVE, Naturbase, osv):

Emne		Registreringar i databaser gjeldande for planområdet?	
		Nei	Ja
a	Særleg verdifult landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø som er verna eller freda ...	X	
b	Viktige inngrepsfrie naturområde ...	X	
c	Større naturområde som er særleg viktige for utøvelse av friluftsliv ...	X	
d	Konflikt med gjeldande rikspolitiske bestemmelsar ...	X	
e	Konflikt med utøvelsen av samisk utmarksnæring ...	X	
f	Større omdisponering av landbruk-, natur- og friluftslivsområde ...	X	
g	Auke i tal personar som utsettast for høg belastning av luftforureining, støy eller lukt, eller kan føre til vesentleg forureining til jord, vatn eller sediment ...	X	
h	Medfører risiko for alvorlege ulykker, ras, skred og flom ...	X	
i	Konsekvensar for befolkninga si helse ...	X	
j	Konsekvensar for befolkninga si tilgjengelegheit til uteområde ...	X	
k	Kan få vesentlege miljøverknader i ein annan stat ...	X	

Planframlegget vil innebere endringar i forhold til:	Endring	
	Nei	Ja
Kommuneplan		X
Eksisterande reguleringsplan	Ikkje reg.	

Nedanfor er teke med kartutsnitt og omtale/kommentarar til tema som har registreringar i det aktuelle planområdet (jf avkryssa for «Ja» ovanfor).

Emne/kommentar	Kartutsnitt
a. Særleg verdifult landskap...	
b. Viktig inngrepsfri natur...	
c. Større naturområde...	
d. Rikspolitiske bestemmelsar...	
e. Samisk utmarksnæring...	
f. Større omdisponering av landbruk....	
g. Forureining...	
h. Risiko for ulykker....	
i. Konsekvensar for helse...	
j. Tilgang til uteområde...	
k. Miljøverknader annan stat...	

<p>Gjeldande kommuneplan</p> <p>Kommentar: Viser til søknad om oppstart planarbeid. Det er gjort vedtak om utvida plangrense.</p>	
<p>Gjeldande reguleringsplan</p>	<p>Området er ikkje regulert</p>

### Oppsummering av vesentlege verknader for miljø og samfunn

relatert til "Forskrift om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningsloven" av 26. Juni 2009 - § 4.

	<b>Punkt</b>	Nei	Ja
a	er lokalisert i eller kjem i konflikt med område med særleg verdifult landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø som er verna eller freda, førebels verna eller freda eller foreslått verna eller freda, eller der det er stor sannsynlegheit for å finne automatisk freda kulturminne som inngår i eit kulturmiljø med stor tidsdjupne.	X	
b	er lokalisert i eller kjem i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområde eller utgjer ein trussel mot trua naturtype, trua artar eller deira leveområde, mot prioriterte artar eller deira funksjonsområde, mot utvalgte naturtype, eller mot andre område som er særleg viktige for naturens mangfold.	X	
c	er lokalisert i større naturområde som er særleg viktige for utøvelse av friluftsliv, herunder markområde, eller i viktige vassdragsnære område som ikke er avsatt til utbyggingsformål eller i overordna grøntstruktur og viktige friområde i byar og tettstadar, og der planen eller tiltaket kjem i konflikt med friluftslivsinteresse.	X	
d	kjem i konflikt med gjeldande rikspolitiske bestemmelsar eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 eller statlege planretningslinjer, statlege planbestemmelsar eller regionale planbestemmelsar gitt i medhald av lov av 27. juni 2008 nr. 71.	X	
e	kan kome i konflikt med utøvelsen av samisk utmarksnæring, eller er lokalisert i reindriftas særverdiområde eller minimumsbeite og kan kome i konflikt med reindriftsinteresser, eller på ein annan måte kan kome i konflikt med reindriftas arealbehov.	X	
f	inneber større omdisponering av landbruk-, natur- og friluftslivsområde eller område som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd.	X	
g	gir vesentleg auke i antall personar som utsettast for høg belastning av luftforurensning, støy eller lukt, eller kan føre til vesentleg forurensning til jord, vatn eller sediment, eller kan føre til vesentleg auke av utslepp av klimagass, eller kan føre til vesentleg stråling.	X	
h	medfører risiko for alvorlege ulykker, ras, skred og flom.	X	
i	kan få konsekvensar for befolkninga si helse eller helsa si fordeling i befolkninga.	X	
j	kan få vesentlege konsekvensar for befolkninga si tilgjengelegheit til uteområder, bygningar og tenester.	X	
k	kan få vesentlege miljøverknader i ein annan stat.	X	

(kommentar er vist med kursiv skrift)